

Stafettloggen



I situasjonar der barn og unge treng hjelp og oppfølging i ein fase i livet, nyttar Sunnfjord kommune ein elektronisk logg for å sikre dokumentasjon, samarbeid, god framdrift og gode overgangar.

Her får du meir informasjon om kva ein stafettlogg er.

Stafettloggen er ei digital samhandlingsplattform mellom barn/unge, føresette, gravide og tilsette, som skal

- sikre individuell oppfølging av barn og unge som har behov for det
- betre den tverrfaglege innsatsen mellom ulike tenester i kommunen
- bidra til samordning av tenestetilbodet
- sikre medverknad
- være eit verktøy som sikrar at vi følgjer opp barnet / ungdommen, den gravide på best mogleg måte

Stafettloggen er eit **samarbeidsverktøy** og ein **kommunikasjonsplattform** som gir ein oversikt over

- alle hjelpetiltak som er sett i verk
- alle avtalar som er inngått
- offentlege tenester og fagpersonar som er involverte, og kva oppgåver dei har
- kven som er ansvarleg for kvart tiltak
- når tiltaka skal evaluerast
- oversikt over samarbeidsmøter og andre møter
- ein plan med felles mål og felles retning i innsatsen frå ulike tenester



Stafettloggen skal alltid utarbeidast i samarbeid med den det gjeld og vert sett i gang etter **samtykke**

- frå føresette til det aktuelle barnet / ungdommen
- frå unge som har fylt 16 år
- frå den gravide (dersom stafettlogg blir oppretta i svangerskapet)



Føresette kan be om at det blir oppretta ein stafettlogg dersom dei tenkjer det er områder som krev oppfølging og/eller samordning rundt barnet/ungdommen sin.

Det er kun føresette og dei personane som føresette gir løyve til som får lesetilgang til stafettloggen.

Stafettloggen blir **utarbeidd og evaluert i samarbeidsmøter** mellom barnet/ungdommen, føresette, eller den gravide og eininga (eventuelt fleire einingar / samarbeidspartar) som deltek i oppfølginga av barnet, ungdommen eller den gravide.

Stafettloggen erstattar ikkje fagsystem eller dokumentasjonskrav som følgjer i eiga eining.



I kva tilfelle vert ein stafettlogg oppretta?

Det blir anbefalt å opprette ein stafettlogg når føresette og eininga (eks. skule, barnehage, helsestasjon) har blitt enige om at det er behov for oppfølging/tiltak rundt barnet, ungdommen eller den gravide (nivå 1 i BTI-rettleiaren).

Dersom andre einingar / offentlege tenester skal involverast i hjelpearbeidet (nivå 2 eller 3 i BTI-rettleiaren), må føresette gje samtykke til tverrfagleg samhandling og til at eininga/fagpersonen/ane får tilgang til stafettloggen.

Eksempel kan være:

- Uro for fysisk og/eller psykisk helse
 - Eks. motorikk, språk, åtferd, skulefråvær, mistrivsel
- Forhold i heimen
- Der føresette ikkje bur saman (bidreg til å betre samhandlinga mellom ei eining og begge foreldra)
- Utfordringar som krev tiltak over tid og der det er behov for koordinering og samhandling
- Samansett problematikk



Når vert ein stafettlogg avslutta?

- Stafettloggen til eit barn/ungdom kan avsluttast når foreldre/føresette eller den gravide i samarbeid med involverte samarbeidspartnarar ser at tiltaka har gitt effekt og har oppnådd ei ønska utvikling.
- Foreldre/føresette kan til ei kvar tid velje å avslutte loggen.
- Ein avslutta logg blir lukka og arkivert. Dersom det på eit seinare tidspunkt er behov for nye hjelpetiltak, må foreldre/føresette godkjenne om informasjonen som ligg i loggen skal gjerast tilgjengeleg for offentleg tilsette.

Stafettlogg versus individuell plan

Dersom barnet/ungdommen har rett til individuell plan/koordinator og ynskjer dette, **går stafettloggen over til ein individuell plan**. Ein koordinator tek over koordineringsarbeidet frå stafetthaldar.

Både **stafettlogg og individuell plan nyttar same elektroniske plattform** for samhandling og kommunikasjon. Dokumentasjonen som ligg i stafettloggen vert derfor med vidare inn i arbeidet med individuell plan.

Slik får du tilgang til den elektroniske stafettloggen:

Pålogging til stafettloggen skjer her: individplan.no/samspill/nb/login

Tilsette:

- Ta kontakt med din einingsleiar for tilgang til å opprette ein stafettlogg og sikker pålogging.

Barn, ungdom, foreldre/føresette, gravide:

- Dersom du meiner at barnet / ungdommen din treng stafettlogg kan du ta kontakt med pedagog/styrar i barnehagen, kontaktlærer/rektor på skulen, helsesjukepleiar eller jordmor.
- Du vil få tilsendt ein invitasjon på e-post der du følgjer ei oppskrift for å opprette brukar. Du loggar på med BankID.



Datetryggleik

- Sunnfjord kommune nyttar «**Visma Flyt Samspill**» som elektronisk **plattform** i arbeidet med stafettlogg og individuell plan.
- Plattformen er godkjent av Datatilsynet for lagring av personsensitive opplysningar. Elektronisk ID på høgaste sikkerheitsnivå (nivå 4) for tilgang til tenester som inneheld helseopplysningar.

**Har du spørsmål om stafettloggen?
Treng eininga / tilsette opplæring?
Ta kontakt med:**

- **Lillian Vassbotten**
E-post: lillian.vassbotten@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr: 57612750
- **Turi Bruland**
E-post: turi.oddveig.bruland@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr 57816131
- **Elisabeth Flo Kyrkjebø**
E-post: elisabeth.flo.kyrkjebo@sunnfjord.kommune.no, tlf.nr 57828774





Sunnfjord
kommune